

# Årsmelding Keipen Turlag 2011

**Styret har i 2011 vore samansett slik:**

Leiar : Arne Loftheim  
Nestleiar : Odmund Leirvik  
Sekretær : Hildegard Nygård  
Kasserar : Rita Svarstad Isene  
Styremedlem : Reidun Isene Solvang  
Styremedlem : Tor Erik Liset  
Styremedlem : Gisle Skjølberg  
Varamedlem : Kirsten Grotle  
Varamedlem : Steinar Isene



**KT har auka medlemsmassen frå 118 ved siste årsmøte til 157 i dag.**

## Møter

Vi har gjennomført årsmøte og 5 styremøte. Dette styret har handsama 6 saker 2010 og 25 saker i 2011.

I tillegg har vi hatt eitt møte med grunneigarane på Eikeland og STIF vedr. bruk av Moldahytta som DNT - hytte.(leiar, nestleiar og sek.)

Leiar og varamedlem Steinar Isene har delteke på årsmøtet til SFT.

Leiar og sekretær deltok på Fellesmøte i Kalvåg 22. og 23. oktober. Barnas Turlag i ytre og indre var også representerte i Kalvåg på Barnas Turlag si fellessamling. Dei hadde ansvar for aktivitetane i Kalvåg og fekk svært gode tilbakemeldingar på dette. Gunnar Skjølberg var turleiar for dei vaksne sin tur til Vetten.

## Turbok

Turboka kom ut til jul 2010 og har seld bra. Den blei godt imotteken både i kommunen og kommunane rundt oss.

## Tavler

Ein har innhenta løyve til å sette opp tavler og desse er i slutfasen på ferdigstilling. Det skal settast opp på Sande og ved Sjørdalsvatn i fyrste omgang.

## Turleiar kurs

Florø Turlag inviterte til turleiar kurs i Nordalsfjord. Her fekk KT med Steinar Isene. Han er no også utdanna turleiar.

## Marknadsføring av KT

Vi deltok på Villmarksmessa i Ålfoten med stand saman med Bremanger Kommune og Bremanger Hamn og Næring.

## Uttaler

Naturvernsakene som KT har fått til uttale har nestleiar Odmund Leirvik vore resurspersonen. Han har også møtt i fleire samarbeidsmøter vedrørende Guleslettene vindmøllepark.

KT har gjeve eigne uttale vedrørende steinbrotet på Dyrstad.

KT har også uttalt seg om linjetraseen for kraftlinja frå ytre Bremanger til Svelgen.

KT v/ O.Leirvik har også gjeve innspel/vurdering til SFT vedrørende 4 småkraftverk i Sjørgulen.

## **Barnas Turlag.**

Barnas Turlag har hatt eit aktivt år.

### **Barnas Turlag i Indre har hatt 5 turer i 201:**

Skiaktivitet på fotballbana var det 46 barn (usikker vaksne)

Kom ut dagen (ilag med BT ytre) 28 barn og 22 vaksne

Moldahytta 21 barn (usikker vaksne)

Kanotur Geitevika 41 barn og 24 vaksne

Omvendeskalet 12 barn og 8 vaksne

### **Turane til Barnas Turlag i ytre:**

Myrvatnet 4.12.10 56 ungar, 2 ung og 28 vaksne

Kom deg ut- 6.2.11 Felles.

Lågeide. 18.3.11 49 ungar, 1 ung og 30 vaksne

Flona 2.4.11. 4 ungar og 4 vaksne

Kvidalen 22.5.11. 14 ungar og 12 vaksne

Berledalen 17.6.11 6 ungar og 5 vaksne

Kom deg ut Tongane 4.9.11 8 ungar og 7 vaksne

Lunden 23.10.11 8 ungar og 10 vaksne

## **Merking av stiar**

Bjarte Vik og Steinar Isene har merka opp att løypa til Ålfotbreen. Då er alle dei T- merka stiane merka opp att i denne omgang. Elles er der merka opp til Aksla i Ålfoten i regi av Ålfoten Grendalag. Dette er ei blå løype, og til Høgefjellet ( Svart løype).

## **Orientering**

KT har også i år hatt orientering som aktivitet. Steinar Isene har stått for det praktiske opplegget. Turorienteringa var det 32 som fullførte. 24 vaksne og 8 barn.

## **Søndagsturar**

Nokre av turane vart i år avlyste på grunn av dårleg ver, men dei fleste gjekk som planlagt.

Vårope på Moldahytta hadde 60 personar herav ca. 40 barn. Dette var ein suksess når ein tek hensyn til veret, - regn og rusk. Olga, Johanna og Oddmund var vertskap.

Fot/skituren til Keipen 1. mai gjekk i strålende ver. Dette var eit samarbeid med YNT.

11 personar var med. Også deltakarar frå Florø. Asbjørn Svarstad og Kjell Morten Langedal var turleiarane våre.

Vingelvsetra frå Sande. Inger Lise Langedal og Martin Hennøy var turleiarar. 13? personar var med.

Martinbu. Inger Lise L. og Martin var turleiarar. 9? personar,- herav 3 barn.

Ope hus på Knekkevasshytta. Suksess! 40 personar møtte opp. Vertskap: Sissel, Johanna, Olga og Oddmund.

Omnen. Avlyst på grunn av dårleg ver,- vind, sludd og regn.

Vetvika frå Svarstad. 15 personar var med. Gunnar Skjølberg var turleiar.

Skudalsnipa. Avlyst på grunn av dårleg ver.

Vingekvarven – Sande frå Langevatn. 6 personar. Turleiar: Oddmund Leirvik og Arne L.

Kvasshornet frå Myklebustsetra. 4 personar var med . Turleiar: Steinar Isene.  
Hornelen frå Hunskår. 15 personar gjennomførte turen. Ca like mange snudde på grunn av dårleg ver, - skodde. Turleiar: Gunnar Skjøllberg.  
Trollfjellet –Svartevatnet. 6 personar var med. Sissel Igland var turleiar.  
Troda frå Blålida. 6 personar var med. Bjørg Lofnes var turleiar.  
Ålfotbreen. 6 personar var med. Turleiarar: Bjarte Vik og Steinar Isene.  
Gjegnabu –Gjegenen. (Samarbeid med Flora Turlag 2 d.) Avlyst!  
Bukkenibba. Avlyst på grunn av dårleg ver.  
Terdalskeipen. Avlyst på grunn av dårleg ver.  
Haustope på Moldahytta. 10 personar møtte fram tross dårleg ver. Vertskap: Sissel, Olga, Johanna og Oddmund.

### **Onsdagsturar**

I år har det berre vore onsdagsturar i ytre Bremanger. Turane har oftast vore gjennomførte utan turleiar. Turane har oftast gått på merka stiar til eit turmål med bok. Godt frammøte på dei fleste turane.

### **Fjelltrim indre/Svelgen**

FJELLTRIMMEN 2010/2011 - 9451 besøk på postane. Ein auke på 3475 frå i fjor.

Moldahytta	1450 besøk	
Gulebrystet	495 besøk	Elkemkopp
Omvendeskaret	374 besøk	
Sandsegga	2013 besøk	Elkemkopp
Risevatnet Vasskaret	943 besøk	
Risevatnet 3,5 km	2669 besøk	Elkemkopp
Ivervatn	978 besøk	
Jakthytta	529 besøk	

Suveren vinnar på fjelltrimmen her er Sven Petter Kjerpeset. 14 stk hadde besøkt alle postane. Her vert det trekt ein vinnar på årsmøtet.

### **Fjelltrim Ytre Bremanger**

I fjor var det over 11564 som hadde skrive seg inn i bøkene. Ikkje opptalt alt i år, men det ligg an til minst like mange som i fjor. Dette er eit samarbeid mellom KT og idrettslaget. Kalvåg har talt opp og har 6.434 besøk på postane, Berle hadde 3.542 treff. Dette kjem i tillegg.

### **Fjelltrim Davik / Leirgulen**

I fjor var det ca 1000 treff. Ikkje opptalt i år. Dette er eit samarbeid mellom idrettslag og KT. Troda hadde åleine eit besøk på ca. 250.

### **Dugnad**

Også i år har mange lagt ned eit stort dugnadsarbeid.

Tilrettelegging og merking av stiar. Vedlikehald/maling av benkar og hytte.

Det endelege talet dugnadstimar er ikkje klart enno, men det ser ut til at det også i år vert mange timar dugnad i laget.

### **Turplanlegging YNT, FT.**

Vi har fått ynskje frå FT og YNT om å samordne turar. Begge desse laga arrangerer turar ”på våre fjell”. Dette er noko vi bør prøve å få til. Det kan verte ein inspirasjon for alle partar.

### **Hytter**

**Martinbu vart opna 29.08.2010.** Keipen Turlag har fått si første hytte.

Hytta er ikkje tenkt til overnatting, men som ei kvilehytte på toppen av Sandsegga. Hytta er sekskanta og har sitteplass til 15 personar rundt eit bord.

Over 2000 ”treff” i boka siste året. Hytta har fått flaggstang og flagg. Stor takk til sponsorane: Rørleggarfirma Nigardsøy har sponsa stålstanga.

Firma S.M.Dyrstad har sponsa flagget.

Martin Hennøy har gjort alt det praktiske med oppsetting av stanga. Martin har også i år gjort mykje utbetningsarbeid/vedlikehald på hytta. Stor takk til Martin.

### **Moldahytta**

Hytta er eigd av STIF og drifta av KT.

Hyttesjef Oddmund Leirvik har også i år gjort mykje dugnad/vedlikehald på hytta. Stor takk til Oddmund

Vi har hatt møte med grunneigarane på Eikeland og STIF om å få bruke hytta til DNT hytte.

STIF var positive, men grunneigarane på Eikeland ynskte same ordning som det er i dag.

Hytta vert såleis ikkje lagt inn som DNT hytte.

### **Knekkevasshytta**

Hytta er eigd av Elkem Energi, men KT har fått eigen nøkkel til hytta. I haust har Elkem Energi teke kontakt og ytra ynskje om at KT også står for utleige av hytta. Per Helge Eikeand vil orientere om denne hytta på årsmøtet.

Svelgen 10.11.2011

Arne Loftheim og Hildegard Nygård